



Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
151/10	Utval for tekniske saker og næring	28.09.2010

Saksbehandlar: Rolf Einar Ree
Sak - journalpost: 09/4273 - 10/18132

Plan 997-1 - Detaljplan for Lensmannsgarden, Varhaug - Klage på kommunestyrets vedtak i k.sak 26/10.

Rådmannen si innstilling:

Klage datert 14.07.2010 frå Ingun Linda A. Hafver og Jarle Hafver på vedtak i Hå kommunestyre i sak 26/10 den 29.06.2010 vert ikkje teken til følgje.

28.09.2010 Utval for tekniske saker og næring

Møtebehandling:

Paul Skretting fremja følgjande forslag:

Klage datert 14.07.2010 frå Ingun Linda A. Hafver og Jarle Hafver på vedtak i Hå kommunestyre i sak 26/10 den 29.06.2010 vert teken til følgje.

Utval for tekniske saker og næring ber rådmannen regulere heile løeområdet til barnehage innenfor plan 977-1 i samsvar med krav til universell utforming og rikspolitiske retningslinjer for barn og unge tilpasset Lensmannsgarden barnehage.

Ved alternativ røysting mellom rådmannen si innstilling og Paul Skretting sitt forslag, blei rådmannen si innstilling vedtatt med 7 mot 2 røyster, Paul Skretting og Njål Stokka.

UTN-151/10 Vedtak:

Klage datert 14.07.2010 frå Ingun Linda A. Hafver og Jarle Hafver på vedtak i Hå kommunestyre i sak 26/10 den 29.06.2010 vert ikkje teken til følgje.

Bakgrunn for saka:

Hå kommunestyre gjorde den 29.06.2010 i sak 26/10 følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtar i medhald av plan- og bygningslovens §27-2, reguleringsplan for Lensmannsgarden, Varhaug, plan nr. 977-1, alternativ E, med tilhøyrande bestemmelser datert 12.05.2010, med følgjande endringar:
Punkt 2.6.2 utgår.
Tillegg til punkt 2.8.4:
Rabatten i forlengelse av opprinnelig adkomstveg til Lensmannsgarden.
Teksten på reguleringskartet skal vise Lensmannsløa som "Forsamlingslokale/kultur/aktivitetslokale."
2. Ved behandling av byggesøknad for løa skal følgjande forhold leggjast til grunn:

- Alternativ E, med parkeringsplassar som er i dag, skal nyttast i sambruk mellom barnehagen og Lensmannsgarden.
- Brukarar av løa skal, på kvardagar, ikkje nytta parkering ved barnehagen før etter kl 16.30.
- 3. Kommunestyret ber rådmannen fremja forslag til skiltplan for området, der Løehagen blir skilta med "Parkering forbudt."
- 4. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide forslag til midlertidige parkeringsplasser på privat areal i området som kan nyttast fram til ny parkeringsløyising med undergang til utbyggingsfelt sør for fv 504/Buevegen er klar.
- 5. Klagefristen skal vere 8 veker.

I samsvar med pkt 5 i kommunestyrets vedtak vart det gitt ein klagefrist på 8 veker, dvs fram til 03.09.2010. Ved utløpet av klagefristen var det kome inn ein klage på vedtaket.

Mottatt klage:

Ingun Linda A. Hafver og Jarle Hafver klagar i brev datert 14.07.2010 på kommunestyrets vedtak i sak 26/10. Dei skriv ma:

Pkt 1 og 2: Me er imot forsamlingshus og me vil klaga på at alternativ E blei vedteke. Teksten på reguleringskartet «Forsamlingslokale/ kultur/ aktivitetslokale», ynskjer me blir endra til «Barnehage». Me viser til notat fra Eirik J. Varhaug den 10.12.04 (se vedlegg), der det står at tanken med å pusse opp løa, var at det skulle nyttast til barnehage. Dersom «Barnehage» ikkje kan nyttast i teksten, ber me om at Løenaboane v/ Ingun Linda og Jarle Hafver, får ei skriftleg grunngjeving. Denne grunngjevinga vil bli lagt ved ein eventuell klage til fylket.

3. Dersom det skal skiltast «Parkering forbudt» i Løehagen, bør det og skiltast «Parkering forbudt» v/ alle tre byggfelta som grenser til Lensmannsgarden. Det gjeld Løehagen, Ævestvollmarka og Høyenfeltet.

4. Me er og uenig i pkt fire, fordi me er i mot forsamlingshus.

I brevet viser dei til eit notat datert 10.12.2004 underteikna Eirik J. Varhaug der han ma skriv:

Det er stor interesse for å reparere løa slik at først og fremst tilbodet ved Lensmannsgarden barnehage blir styrka. 36 personar står på ei førebels dugnadsliste, dei fleste frå nærliggjande byggjefelt Dei kan i samarbeid med kommunen yta til saman omlag 500-1.000 dugnadstimar så sant ein kan finna ei god løyising for alle partar. Truleg kan dugnadsinnsatsen aukast dersom det trengst.

Ein ber kommunen vurdere om løa kan nyttast slik:

- 1. Barnehagen nyttar det meste av løa til leikeplass, td. ein del uteleikar under tak, nokre "open gard-aktivitetar m.m.*
- 2. Barnehagen disponerer plass til lagerrom.*
- 3. Toalett-rom med vaskeplass.*
- 4. Lensmannsgarden Vel disponerer rom til lager, hobby- og samlingsrom.*
- 5. Tidlegare forpaktar disponerer framleis litt plass til ved ol.*
- 6. Løa bør i samarbeid med barnehagen kunna nyttast i samband med uteskule-opplegg. Ogna skule har alt bygd gapahuk litt aust for løa.*

Vurdering:

Rådmannen har tidlegare uttrykt sterk skepsis til den reguleringsløyisinga kommunestyret nå har valt som ramme for utbygging og drift av løa på Lensmannsgarden som eit

"Forsamlingslokale/kultur/aktivitetslokale" der bruken, slik rådmannen forstår vedtaket, skal styrast av ledig parkeringskapasitet ved barnehagen. Det må i praksis medføre at løa ikkje kan nyttast til forsamlingslokale/kulturaktivitetar når barnehagen er i bruk. Parkerings-situasjonen er allereie i dag vanskeleg i området, særleg ved levering og henting i barnehagen. Eit forbod mot gateparkering vil forverra dette ytterlegare og også gjera parkeringssituasjonen for bebuarane i området vanskeleg. Rådmannen kan vanskeleg sjå at dette kan styrast fullgodt etter plan- og bygningslovens regelverk. Det må i tillegg utformast eit eige "utleigereglement" el for løa, og eventuelt barnehagen, som ivaretek kommunestyrets vedtak om samordna bruk av dei to anlegga. Eit slik reglement må utarbeidast og behandlast som eiga sak.

Rådmannen oppfattar det likevel slik at dette var moment som var godt kjent for kommunestyret ved behandlinga og godkjenninga av reguleringsplanen for Løehagen. Slik rådmannen forstår klagen frå Ingun Linda A. Hafver og Jarle Hafver er det dei same momenta dei understrekar i sin klage. Dei er mot å nytta løa til forsamlingslokale og meiner at heile området burde vore regulert til barnehage. Dette er moment som stod sentralt i det politiske ordskiftet i sluttbehandlinga av reguleringsplanen. Rådmannen var og er av den oppfatning at reguleringsplanen burde vore basert på ei slik løysing. Kommunestyret har likevel valt ei anna løysing, og rådmannen kan ikkje sjå at det kjem fram nye moment i klageskrivet som ikkje var kjent for kommunestyret ved godkjenninga av reguleringsplanen. Med dette som bakgrunn finn ikkje rådmannen at det i klageskrivet kjem fram nye moment som skulle tilseie at utval for tekniske saker og næring skulle ta klagen til følge.

Når det gjeld pkt 3 i kommunestyrets vedtak om at Løehagen skal skiltast med parkeringsforbod, må dette fremmast som eiga sak. Merknadane i klageskrivet om at også dei andre bustadgatene i området må skiltast med eit parkeringsforbod illustrerer den vanskelege trafikk- og parkeringssituasjonen ein kan få i området dersom løa skal koma i aktivt bruk som eit forsamlings- og kulturaktivitetshus. Omfanget av skiltplanen må likevel vurderast som del av den saka som vil kome om dette.

Vedlegg:

- 1 Sak 026/10 KS
- 2 Alt E plankart
- 3 Reguleringsbestemmelser
- 4 Klage frå Løenaboane dat. 14.07.10